

FEDJE KOMMUNE

Til Kommuneoverlege

<b>Dykkar ref.:</b>	<b>Vår ref.:</b>	<b>Sakshandsamar:</b>	<b>Dato:</b>
	2023/4028 - 29713/2023	Nina Kandal	08.03.2023

## Informasjon om endring av avdeling/akuttgrupper ved innlegging av pasientar som øyeblikkeleg hjelp til Akuttmottak Helse Bergen, Kirurgisk klinikk frå 20.03.2023

Ber om bistand til å formidle denne informasjonen frå John-Helge Heimdal, klinikkdirektør Kirurgisk klinikk ut til fastlegar, sjukeheimslegar og legevakt i kommunen.

Ved innlegging av pasientar som øyeblikkeleg hjelp (ØH) til Akuttmottak HBE (AKMO), Kirurgisk klinikk, er praksis i dag at pasientane vert meldt til Kirurgisk (KI) uavhengig av hvilke seksjon pasientane vert henvist/meldt til.

For å auke pasienttryggleiken i Kirurgisk klinikk, er det vedteke at ØH pasientar skal meldast til det fagområdet som behandlar tentativ diagnose angitt i henvisning. Dette betyr henvisning/melding av pasientar til Kirurgisk (KI) som avdeling/akuttgruppe til AKMO ikkje lenger vil være eit alternativ. Vi minner om at konferanse med vakthavande lege ved dei ulike kirurgiske avdelingane er mogeleg, ved usikkerheit om diagnose eller om innlegging er nødvendig.

Kirurgisk (KI) avdeling vil i AKMO bli erstatta av følgjande avdelingar/akuttgrupper:

1. Pasientar med gastrokirurgiske problemstillingar skal ein henvise/melde til avdeling for gastrokirurgi (**KIR-gastro (GE)**)
2. Pasienter med urologiske kirurgiske problemstillingar skal ein henvises/melde til avdeling for urologi (**KIR-urologisk (UR)**)
3. Pasientar med karkirurgiske problemstillingar skal ein henvise/melde til avdeling for karkirurgi (**KIR-KAR (KA)**)
4. Pasientar med bryst- og endokrinkirurgiske problemstillingar skal ein henvise/melde til avdeling for bryst- og endokrinkirurgi (**KIR-Bryst-Endo (BE)**)
5. Pasientar med plastikkirurgiske problemstillingar er uendra **Akuttgruppe (PK)**

Vennleg helsing

**Randi-Luise Møgster**  
Viseadministrerende direktør  
55956000 / +4791342978  
Haukeland universitetssjukehus

Dokumentet er elektronisk godkjent

### **Digital kommunikasjon**

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemdar: [eDialog](#)
- Offentlege verksemdar: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

AUSTRHEIM KOMMUNE  
VOSS HERAD  
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE  
AUSTEVOLL KOMMUNE  
BERGEN KOMMUNE  
GULEN KOMMUNE  
MASFJORDEN KOMMUNE  
MODALEN KOMMUNE  
ASKØY KOMMUNE  
KVAM HERAD  
ULVIK HERAD  
ALVER KOMMUNE  
FEDJE KOMMUNE  
VAKSDAL KOMMUNE  
ØYGARDEN KOMMUNE  
EIDFJORD KOMMUNE  
SAMNANGER KOMMUNE  
OSTERØY KOMMUNE